

Totlandsdal Bygg As  
Kaldalen 12  
5993 OSTEREIDET

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/4888 - 23/98

Saksbehandlar:  
Einar Aase  
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:  
04.01.2023

## Avvist klage på gebyr - gbnr 239/128 Eknes ytre

### Administrativt vedtak.

**Tiltakshavar:**

**Ansvarleg søker:**

**Søknadstype:**

### Saknr:

Totlandsdal Bygg As

Arkoconsult As

Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

### VEDTAK:

**Med heimel i fvl. §29 vert klage på kommunen si vurdering av sakhandsamingsreglane i plan- og bygningslova med tilhøyrande forskrifter avvist.**

### Tiltak

Saka gjeld klage på fakturert gebyr for handsaming av søknad om etablering av einebustad i eitt-trinn. Vedtak i sak er datert 16.11.2022. Faktura er ekspedert 20.11.2022, og datert 25.11.2022 i vedlegg «Alver kommune byggesaksgebyn». Det er klaga på faktura den 01.01.2023.

### VURDERING:

Gebyr for teknisk forvaltning er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast på at det vert gjeve gebyr, eller storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt gebyret er rekna ut frå. Det er i den konkrete saka klaga på at det er sendt ut faktura, ettersom kommunen har brukt for lang tid på å handsame byggesøknad. Klaga er her oppfatta som ei klage på kommunen si tolking av sakhandsamingsfristar i plan- og bygningslova med tilhøyrande forskrifter, herunder særleg SAK10 §7-6 som opnar for bortfall av gebyr i enkelte saker.

Klagefrist etter forvaltningslova (fvl.) er 3 veker, jf. fvl. §29. Her er klaga fremja 5 veker og to dagar etter fakturadato. Det er følgjeleg ikkje klaga innanfor frist.

Ettersom klage ikkje er fremja innanfor klagefrist i forvaltningslova, vert ikkje klage tatt til følgje.

### Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no  
[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)

Kontonummer: 3207 29 30559  
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Konklusjonen er at klagas vert avvist.

### **Orientering om vurdering som er gjort**

Til tross for at klagas vert avvist, ser kommunen det føremålstenleg å informere om kva vurderingar som er gjort rundt berekning av sakshandsamingsfrist og gebyr i den konkrete sak, slik at tiltakshavar vert kjend med dette.

Det går fram av SAK10 §7-6, som er heimel for bortfall av gebyr, at ved brot på tidsfrist i SAK10 §7-4 bokstav a) eller pbl. §21-7 første og fjerde ledd, skal kommunen betale tilbake tiltakshavar 25% av gebyret for kvar påbyrja veke etter at tidsfrist vart overskriden. Dette inneber at det berre er rom for tilbakebetaling i tilfelle der sakstypen fell inn under SAK10 §7-4 bokstav a) eller pbl. §21-7 første eller fjerde ledd.

#### SAK10 §7-4 bokstav a)

SAK10 §7-4 bokstav a) viser til søknad om dispensasjon etter plan- og bygningslova §19-2. Det er i den konkrete saka ikkje søkt om nokre dispensasjonar, og denne regelen vert dermed ikkje aktuell for berekning av fristar.

#### Pbl. §21-7 første ledd

Pbl. §21-7 første ledd viser til at søknad om løyve skal handsamast innan 12 veker etter at fullstendig søknad ligg føre med mindre anna går fram av pbl. §21-7 andre eller tredje ledd. Det er her pbl. §21-7 andre ledd som er aktuell for saka, ettersom det er søkt om tiltak med ansvarsrett etter §20-3.

Det går fram av andre ledd at kommunen skal avgjera innan 3 veker der tiltak er i samsvar med reglar gjeve i eller i medhald av denne lov, der det ikkje ligg føre merknad frå nabo eller gjenbuar, og ytterlegare løyve, samtykke, eller uttale ikkje er naudsynt. Alle desse vilkåra er vurdert oppfylt her. Dette inneber at dette er vurdert som ei sak med 3 vekers sakshandsamingsfrist.

Tiltaket fell dermed ikkje inn under pbl. §21-7 første ledd, men er omfatta av unntaket i andre ledd.

#### Pbl. §21-7 fjerde ledd

Denne regelen viser til søknad om dispensasjon. Det er ikkje søkt dispensasjon her, og regelen er ikkje aktuell

#### **Konklusjon**

Vurdering som er gjort er dermed at tiltak ikkje fell inn under SAK10 §7-4 bokstav a), eller pbl. §21-7 første eller fjerde ledd. Det er dermed ikkje vurdert at det er grunnlag for å vurdere bortfall av gebyr etter SAK10 §7-6.

#### **Regelverk**

Søknad om tiltak etter pbl må vere komplett før kommunen kan handsame den, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4, jf. pbl. § 21-4.

Søknad om tiltak må vere tilstrekkeleg opplyst før kommunen kan handsame den, jf. SAK § 5-4, jf. pbl. §§ 21-2, jf. 21-4.

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjenvæst. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Einar Aase  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Arkoconsult As Postboks 103 5291 VALESTRANDSFOSSEN

**Mottakarar:**

Totlandsdal Bygg As Kaldalen 12 5993 OSTEREIDET